



Arkivsaknr: 2025/4953-3
Sakshandsamar: Kate Bentzen
Avdeling: Næring og utvikling

SAKSFRAMLEGG

Søknad til Næringsfondet - Strike Subsea AS - Produktutvikling av utstyr for fjerning av gamle undervanns brønner offshore

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjekt Produktutvikling av utstyr for fjerning av gamle undervanns brønner offshore vert tildelt kroner 80 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett

Bakgrunn

Strike Subsea AS er eit aksjeselskap. Bransje: 74.101 Industridesign, produktdesign og annen teknisk designvirksomhet. Registrert 22.11.2024. Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar

Strike Subsea AS er eit nystarta selskap lokalisert på Frekhaug. Selskapet vart etablert i november 2024, og har per i dag to fulltids tilsette med lang og relevant erfaring frå olje- og gassindustrien, mellom anna innan undervassinstallasjonar, boring og produktutvikling.

Om prosjektet

Prosjektet startar opp 3. mars 2025 og er forventa gjennomført 31. desember 2025.

Strike Subsea utviklar ei ny løysing for innvendig kutting av røyr og strukturar fleire meter under havbotn. Dette er nødvendig for trygg og kostnadseffektiv fjerning av gamle undervassbrønner, eit område som i dag er prega av dyre og ineffektive metodar. Prosjektet omfattar design, bygging og testing av ein prototype basert på ein eigenutvikla mekanisk sag

som vert operert av ROV (undervassfarkost). Teknologien har potensial for stor miljøgevinst og kostnadsreduksjon i forhold til dagens metodar.

Selskapet har inngått samarbeid med sentrale aktørar som Aker BP, Equinor og Vår Energi, som bidrar med tilgang på testbrønnar og verifikasjon av teknologi. Innovasjon Norge har innvilga 2 millionar kroner i oppstartslån. Prosjektet er planlagt gjennomført frå mars til desember 2025.

Prosjektleveranse / målsetting

Prosjektet har som mål å utvikle og teste ein prototype for ein ny type undervasskutteverktøy som kan nyttast til fjerning av gamle offshorebrønnar og undervassinfrastruktur. Verktøyet er designa for å kutte rør og brønnstrukturar 3–20 meter under sjøbotn, ved hjelp av ein mekanisk roterande kuttemekanisme som vert operert frå ei undervassfarkost (ROV). Teknologien inkluderer ei integrert sensorpakke for overvaking i sanntid, og samlar inn data som vert nytta til kontinuerleg optimalisering gjennom maskinlæring.

Prosjektleveransane inkluderer:

- Design og konstruksjon av ein funksjonell prototype
- Gjennomføring av testkuttingar i samarbeid med Aker BP, Equinor og Vår Energi
- Datainnsamling og dokumentasjon av testresultat for vidare utvikling
- Validering og verifisering av teknologi gjennom samarbeid med industripartnarar
- Utarbeiding av plan for vidare kommersialisering og marknadsintroduksjon

Hovudmål:

- Etablere ein ny kommersiell teneste innan subsea decom basert på eigen teknologi
- Bidra til auka verdiskaping og teknologisk spisskompetanse i Alver kommune
- Redusere miljøpåverknad og kostnader i offshore fjerneoperasjonar
- Bygge organisasjon og infrastruktur for drift av løysinga i kommersiell skala

Langsiktige effektmål:

- Oppnå 10 % marknadsandel i norsk brønn-decom-marknad innan 2026
- Utvide internasjonalt og oppnå 50 % norsk marknadsandel innan 2028
- Skape opp mot 25 nye direkte arbeidsplassar og tilsvarande 25 indirekte innan fem år

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Produktutvikling av utstyr for fjerning av gamle undervanns brønner offshore	5500 000	500 000	80 000

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for næringsfondet, vedtatt 21.03.2024 og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Næringsfondet skal styrkje næringslivet i Alver kommune og følgjande kriterium ligg til grunn for vurderinga:

- Bidrag til auka næringsutvikling, vekst og fleire arbeidsplassar:

Prosjekt som stimulerer til utvikling av nye verksemder, styrking av eksisterande næringsliv, og som skaper varige arbeidsplassar i Alver kommune, skal prioriterast.

- Nyskaping, innovasjon og berekraft:

Tiltak som representerer nytenking, teknologisk utvikling eller bidreg til grøn omstilling og meir berekraftig drift, blir vurdert særleg positivt.

- Gjennomføringsevne:

Prosjektsøknaden skal vise realistisk framdriftsplan, budsjett og ei truverdig gjennomføringsevne, basert på søkjar sin kompetanse, erfaring og finansieringsevne.

- Lokal og tydleg effekt i Alver kommune:

Midlane frå fondet skal i hovudsak ha direkte effekt i Alver kommune. Det kan vere gjennom lokal verdiskaping, sysselsetting, innkjøp frå lokale leverandørar eller etablering av varig næringsverksemd i kommunen.

- Tilskotet sin utløysande effekt:

Det skal vurderast i kva grad tilskotet er nødvendig for å realisere prosjektet. Støtta frå fondet skal ha ein avgjerande eller vesentleg funksjon for oppstart og gjennomføring.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til dette.

Vurdering

Strike Subsea AS sitt prosjekt fell godt innanfor formålet med næringsfondet. Det representerer eit konkret og målretta tiltak for utvikling av ny teknologi med stort marknadspotensial nasjonalt og internasjonalt, samstundes som det er lokalt forankra i Alver kommune.

Prosjektet har eit tydeleg vekstpotensial, både i form av planlagt omsetningsvekst og nyrekruttering til selskapet. Med ein forventa omsetnad på 100 millionar kroner og opp til 25 nye arbeidsplassar på fem år, vil det kunne ha ein betydeleg effekt på lokalt næringsliv og arbeidsmarknad.

Det teknologiske innhaldet i prosjektet har eit høgt innovasjonsnivå. Metoden for undervasskutting av strukturar under sjøbotn har potensial til å redusere både kostnader og CO₂-avtrykk samanlikna med eksisterande løysingar. Bruken av sensortechnologi og

maskinl ring for optimalisering er eit d me p  framtid retta teknologibruk, og gir eit konkurransefortrinn.

Prosjektet har ogs  sterk industriell forankring, med st tte fr  dei st rste operat rane i Noreg og finansiering fr  Innovasjon Norge. Dette styrkar vurderinga av gjennomf ringsevne og etterspurnad.

Ca. 70 % av prosjektets kostnader er venta brukt i Alver kommune, gjennom innkj p av varer og tenester fr  lokale akt rar. Det sikrar lokal verdiskaping sj lv f r prosjektet er kommersielt realisert.

Tilskotet fr  n ringsfondet vert vurdert som utl yande for oppstart og ferdigstilling av prototypeprosjektet. Alver kommune vurderer at prosjektet vil ha god effekt i samsvar med fondet sine m l om vekst, berekraft, innovasjon og sysselsetting.

Kommunedirekt ren si tilr ding

Prosjekt Produktutvikling av utstyr for fjerning av gamle undervanns br nner offshore vert tildelt kroner 80 000 fr  n ringsfondet i Alver kommune.

Vedlegg

- 1 Soknad-2025-0014.pdf
- 2 Alver N ringsfond.pdf